

Her dyrkar me bygg

Bygg er det kornslaget som treng kortast tid for å bli moden. Bygg har blitt dyrka i over 10 000 år, og er truleg verdas eldste kulturplante.

Det aller meste av bygget som blir dyrka i Noreg blir brukt til dyrefôr, men du kan også bruke byggmjøl i graut, supper og brød. Bygg er den kornarten det blir brukt mest av i Noreg.

Ei god kornavling er avhengig av god jord, temperatur og passe mengde regn. På våren blir jorda pløya og harva før kornet blir sådd. I vekstsesongen blir åkeren gjødsla og sprøytt med plantevernmidlar ved behov.



Kornet blir hausta med ein treskar som skil kornet frå halmen. Det er viktig med godt vêr under innhaustinga.

I Noreg er berre tre prosent av arealet matjord, og berre ein prosent er godt eigna for kornproduksjon. I bynære område er det ei utfordring at kornjorda blir bygd ned til bustadar, næring eller samferdsle. Det å ta vare på matjorda for framtidige generasjonar er heilt avgjerande.

Verdt å vite

- I Noreg er berre tre prosent av landet jordbruksareal. Arealet ligg spreidd over hele landet.
- Berre halvparten av det vi et blir produsert i Noreg. Vi importerer store mengder frukt og grønnsaker, og korn til mat og husdyrfôr.
- Mat og fôr i norsk jordbruk er produsert utan genmodifiserte organismar (GMO).
- Matindustrien (utanom fiskeforedling) gir om lag 40 000 arbeidsplassar over heile landet, og er landets største industrisektor med ei omsetjing på 150 milliardar kroner.

NORGES BONDELAG



God tur!

Helsing Norges Bondelag
- Vi lager maten din!

